



Ternenfamilie som satsar på ski: Vegar Saghaug og Gro Rusten Saghaug med 3 av dei 4 ungane

Uskedalen stillar sterkt med omsyn til det ein kan kalla skifamiliar. Vi tenkjer då ikkje minst på 3 generasjonar Haugland, som også gjorde seg sterkt gjeldande i Kvinnheradmeisterskapen i idag, med nestoren sjølv i spissen. Pål går no i klassen 65-69 men held eit imponerande tempo. Det gjorde også Cathrine i høgaste grad, for ikkje å snakka om generasjon nummer 3!



[Nestor Pål Haugland held koken oppe](#)

Men også på den andre sida av Nåso er det skifamiliar som det står respekt av og det driftige laget Ternen stilte sterkt i så måte også i dag. Her er eitt døme på det: Mor Gro Rusten Saghaug var på deltakarlista saman med Martha i 12-årsklassa og William i 10-årsklassa. Pappa tok seg av smøring og heiarop. Dei 2 andre ungane kunne ikkje delta på grunn av snue og låg alder (1 år).

Apropos Ternen: I to renn på rad har Ternen no stilt meir mannsterkt enn Uskedalen, i dag med 21 deltakarar medan UIL-kontingenten stoppa på 20. Kor lenge skal uskedelingane finna seg i det? Ikkje minst var ternene solid representert blant dei aller yngste, men det deltok i alle fall 3 uskedelingar i 10-årsklassa for jenter (Åsne Hjelmeland Arnesen, Sandra Støle og Helene Saghaug Kjerpeseth) og 2 uskedelingar i 10-årsklassa for gutar (Torbjørn Haugland og Kristian Øvstebø).

I jenteklassa for 11-åringar fann vi Camilla Myklebust Ripel og i guteklassa for 11-åringar Viljar Simonnes Tveit og Martin Hjelmeland Arnesen.

I klasse jenter 13 var Veslemøy Haugland raskast, foran Kari Eide. I 15-årsklassa var Tord Sæle rask også denne helga og kom inn omtrent eit minutt foran Johannes Haugland. Kari Bråtun var åleine i klasse yngre junior denne gongen og det same var den tradisjonelle rivalen Ingebjørg Haugland som imidlertid gjekk ei stuttare løype. Det er positivt å registrera at Ingebjørg er nesten heilt frisk att.

Gruppleiar Ole Vidar Monsen har ikkje delteke sjølv på ei stund, men han viste bra form om vann klassa omtrent eit halvt minutt foran Sindre Omvik. Men Håvard Pedersen frå Ternan var raskast også denne gongen. Oddmund Soldal var som venta raskast i klassen sin.



Ingebjørg Haugland er snart frisk att

Det var Omvikdalen IL sin tur til å stå for arrangementet denne helga og det gjorde dei prikkfritt og med stor presisjon. Eitt minutt etterat sistemann hadde gått i mål hadde vi resultatlista i handa!



Uskedelinger klare til start: Camilla Myklebust Ripel, Martin Hjelmeland Arnesen og Viljar Simonnes Tveit  
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Oddmund Soldal på veg mot mål som den raskaste i si klasse